

Forenkla etterlevingskontroll 2022 –«økonomiske fullmakter»

Etter kommunelova § 24-9 skal kommunen sin rekneskapsrevisor utføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Føremålet er å sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar. Val av område for forenkla etterlevingskontroll skal skje med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering. Resultatet skal rapporterast til kontrollutvalet.

Vald tema for forenkla etterlevingskontroll 2022 er «økonomiske fullmakter».

I samband med etterlevingskontrollen har vi behov for informasjon frå kommunen. Ber difor om å få tilsendt dokumentasjonen under. Dersom dokumentasjon ikkje føreligg ber me om at de presiserer dette og skildrar praksis.

- Skriftleg delegasjon av økonomisk ansvar, plikter og rettigheter frå kommunedirektør til underordna i organisasjonen
- Organisasjonskart med namn på leiarar, mellomleiarar og einingsleiarar (dersom det ligg føre)
- Ansvar for tildeling, oversikt og vedlikehald av rollar og tilgangar i Visma Entrepriise.
- Oppgåve- og rutineskildringar knytt til tildeling, oversikt og vedlikehald av rollar og tilgangar i Visma Entrepriise.
- Rutinar kring opplæring og sikring av kompetanse knytt til utøving av økonomisk ansvar og rettigheter
- Utfylt rollematrise for Visma Entrepriise (dersom det ligg føre)

Ber også om at de legg inn underteikna med rolle/tilgang «revisor» i brukaradministrasjon.

I samband med etterlevingskontrollen er det ynskjeleg å sende ut ei kort spørjeundersøking til alle tilsette med rett til å tilvise i økonomisystemet. Ber difor om å få tilsendt e-postadressene til dei personane dette gjeld (ikkje pdf).

Dersom de har høve til å informere dei aktuelle tilsette om at dei vil få tilsendt ei kort undersøking og oppfordrar dei til å svare på denne er det fint. Undersøkinga vil vere anonym.

Fint om de har høve til å sende informasjon og registrere tilgang innan 9. mars.

Med helsing
Vestlandsrevisjon IKS

Ragnhild K. Høyland
Revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Ragnhild Kartveit Høyland

Revisor

På vegne av: Vestlandsrevisjon IKS
Serienummer: 9578-5993-4-1612099
IP: 85.200.xxx.xxx
2023-02-28 13:51:18 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>